

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/2850-

30.06.2014

### Sogn og Fjordane – melding om midlar desentralisert ordning kulturbygg 2014

Overskotet frå spelemidlar til kulturformål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 8.april d.å. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, er 494,8 mill. kroner. Av desse midlane skal om lag 40 pst. gå til å realisere Den kulturelle skulesekken, om lag 27 pst. til kulturbygg og 30 pst. til Frifond. I tillegg går ca. 15 mill. kroner til Den kulturelle spaserstokken. Kulturbygg er i 2014 tildelt 133 mill. kroner.

Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturhus skal tilførast 125 mill. kroner av den delen av spelemidloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2014. 8 mill. kroner vert sett av til utbetaling av tidlegare tilsegner om tilskot frå ordninga regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Forvaltninga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetalar midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet, jamfør pkt. 5 i dei vedlagde retningslinene.

Tilskotet til Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014 er **kr 4 291 239**. Beløpet vil verta overført til Sogn og Fjordane fylkeskommune, bankkontonummer 3781.07.0816, merkt "Tilskot til kulturbygg 2014", så snart som mogeleg. Det vert elles lagt til grunn at vidare fordeling av midlar skjer i samsvar med retningslinene for den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)  
Avdelingsdirektør

Hilde Mortvedt  
seniorrådgjevar

Vedlegg: Retningsliner

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan signatur.*